

SYKKYLVEN KOMMUNE  
Kontrollutvalet

---

**MØTEINNKALLING**

21.05.2015

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmann

Medlemmane av  
Kontrollutvalet

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet.

**onsdag, den 27. mai 2015 kl. 14.00  
i Blåsalen**

**SAKLISTE:**

- Sak 17/15 - Godkjenning av møtebok frå møte 16. april 2015
- « 18/15 - Årsmelding 2014 – Sykkylven kommune
- « 19/15 - Kommunerekneskapen 2014 – Sykkylven kommune
- « 20/15 - Saksbehandling for kommunedelplan
- « 21/15 - Utsett sak vedkomande utfakturering Kulturhuset  
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [harlald.rogne@sksiks.no](mailto:harlald.rogne@sksiks.no)

Odd Jostein Drotninghaug  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
SYKKYLVEN KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 16. april 2015, kl.14.00

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald og Anita Søvik

**= 5 og 4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

**SAK 12/15**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. FEBRUAR 2015**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 25. februar 2015 blir godkjent.

**SAK 13/15**

**ÅRSMELDING 2014 – SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.04.2015

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 16.04.2015 blir vedteke som årsmelding 2014 for Sykkylven kontrollutval.

## **SAK 14/15**

### **VEDKOMANDE FRIOMRÅDE I FØLGJE KOMMUNEDELPLAN 2003 - 2014**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.04.2015

Ole Bjørn Roald stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Ved votering vart Ole Bjørn Roald samrøystes erklært inhabil.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil sjå nærare på saka og sender ho over til teknisk eining med oppdrag å gjere greie for saksbehandlinga og prosedyrer i slike saker.

Ole Bjørn Roald tok sete.

## **SAK 15/15**

### **VEKOMANDE UTFAKTURERING KULTURHUSET**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.04.2015

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka.

## **SAK 16/15**

### **VEDKOMANDE BRUK AV RAMMEAVTALAR I SYKKYLVEN KOMMUNE**

(Saka kom opp under eventuelt)

I sak 09/15 orienterte økonomisjef Bergstrøm om bruk av rammeavtalar i Sykkylven kommune. Utdrag av denne orienteringa følgjer her:

*Kommunen har kome langt i å oppfylle lov om offentlige anskaffelser. Kommunen har omlag 70 rammeavtalar og eit samarbeid med Ålesund kommune. Kommunen bruker anbod på banktenester og på pensjon. For små oppdrag blir det ikkje brukt anbod, det blir for dyrt (vart det opplyst). Kommunen har ikkje rammeavtalar på gravearbeid og asfaltering. Det er venta forbetringar frå 1. januar 2015, men kommunen er ikkje heilt i mål på dette området og det skjer nok framleis ulovlege innkjøp.*

I ovannemnde sak gjorde kontrollutvalet samrøystes vedtak om å ta saka til orientering.

**Kontrollutvalet vil alt no kome tilbake til dette temaet med følgjande innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret ber om at arbeidet med å få rammeavtalane for offentlege innkjøp i Sykkylven kommune i samsvar med gjeldande lovverk blir intensivert, og spesielt at det snarast mogleg blir sett på områda graving og asfaltering.

Odd Jostein Drotninghaug  
leiar  
(sign.)

Sigmund Valbø  
nestleiar  
(sign.)

Grethe Melseth  
medlem  
(sign.)

Ole Bjørn Roald  
medlem  
(sign.)

Anita Søvik  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sykkylven kommune

Dato: 21.05.2015

**SAK 18/15  
ÅRSMELDING 2014 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2014 – Sykkylven kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2014 for Sykkylven kommune til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sykkylven kommune

Dato: 21.05.2015

**SAK 19/15  
KOMMUNEREKNESKAPEN 2014 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2014 - Sykkylven kommune
2. Sykkylven kommune - kommunerekneskapen 2014

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine måleasetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

Årets rekneskapsmessige meirforbruk utgjer kr. 8.829.592,99 og det akkumulerte meirforbruket utgjer vel 50,2 mill. kroner.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**uttale:**

1. Sykkylven kommune sin rekneskap for 2014 blir godkjent.
2. Innan enkelte einingar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf. kommunelova § 47 nr. 1.
3. Kontrollutvalet viser til det store akkumulerte meirforbruket og vil følgje opp den økonomiske utviklinga i 2015.

Harald Rogne  
dagleg leiar

# Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:  
Mari Ann Yndestad

Vår dato:  
15.04.2015  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
  
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen

Til  
Kommunestyret i  
Sykkylven kommune

## **KOMMUNEREKNESKAPEN 2014 – SYKKYLVEN KOMMUNE – MELDING FRÅ REVISOR**

### **Uttale om årsrekneskapen**

Vi har revidert årsrekneskapen for Sykkylven kommune som viser kr 368 158 361,97 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 6 829 592,99. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2015, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

### *Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

*Konklusjon*

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sykkylven kommune per 31. desember 2014, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

**Uttale om andre forhold***Konklusjon med atterhald om budsjett*

Innan enkelte einingar ligg det føre overskridingar i høve vedteke budsjett.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi med unntak av forholdet omtalt ovanfor, at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.



Kjell Børnsen  
dagleg leiar



**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sykkylven kommune

Dato: 21.05.2015

**SAK 20/15  
SAKSBEHANDLING FOR KOMMUNEDELPLAN**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå klagar datert 22.02.2015
- Brev frå Sykkylven kommune datert 30.04.2015
- Notat frå advokat Kjetil Kvammen datert 18.05.2015

Det går fram av vedlagte dokument at lova ikkje stiller krav om individuell varsling eller gir klagerett. Kommunen skulle drive ei aktiv opplysning og berørte enkeltpersonar skulle få høve til å kome med innspel i planprosessen. Kunngjering av planen skulle skje på den måten som kommunen fann føremålstenleg og dermed gi grunnlag for politisk debatt. Dåverande bygningslov ga også grunneigar rett til innløyising av ubebygd eigedom. Klager skal i alle høve sidan 2004 ha vore kjent med arealføremålet og har hatt høve til å kreve endringar.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet viser til saksdokumenta og avsluttar saka.

Harald Rogne  
dagleg leiar

## FOR LILLY KALVATN

---

Sykkylvsvegen 1053  
6220 Straumgjerde

22. februar 2015

Kontrollutvalget v/Odd Jostein Drotninghaug  
Sykkylven kommune

Klageskriv angående friområde.

Saka gjeld gardsnr 24 bruksnr 28 og 23.(bruksnr 23 vart kjøpt til eigedommen 15.08 1968)  
eigar Lilly Kalvatn

Då saka angående gang og sykkelveg i 2004 starta, vart vi oppmerksom på at heile eigedommen, utenom huset og området mot vegen var blitt inntegna som friområde.(Kommunedelplan 2003-2014) Vi reagerte med vantru då vi såg det, men måtte også innsjå at far, og vi hadde ikkje vore oppmerksom på at sånne ting var på gang. Vi påpeika saka, og vi møtte stor vilje til å rette opp det som også politikere i plannemda då meinte måtte vere feil.

Trass i stor velvilje, skjedde ingenting.

Det vi også reagerte på var at sånne djuptgripande inngrep i en privat eigendom, ikkje vart varsla eigarane i eit eget brev!

Det vi no forlanger, er at eigedomen blir gitt tilbake til grunneigar uten heftelser. Vi ser i dag at salg av huset er det einaste som er naturleg, etter som mor no er så sjuk at ho ikke kjem tilbake til heimen sin ved vatnet. Men da kan ikke en slik heftelse ligge på tomta.

Vi krev no at kontrollkomiteen i Sykkylven kommune tar tak i saka, og at dei behandler sine innbyggjarar med respekt, slik at den openbare feil som vi meiner har vore gjort, blir retta opp.

Med vennlig hilsen,

Turid Kruger    Leif Kalvatn    Jorun Kalvatn    Olav Kalvatn    Robert Kalvatn

*Svar sendes til*

*leif.kalvatn@xl.no*

## Harald Rogne

---

### Emne:

VS: 24/28 - Til sørsmål i høve arealbruk i kommunedelplanen for Straumgjerde - sak 14/15 , kontrollutvalet

### Vedlegg:

24/28 - Til spørsmål i høve arealbruk i kommunedelplanen for Straumgjerde - sak 14/15 , kontrollutvalet.HTML; Kommunedelplan 1991.PDF; Kommunedelplan 2003.PDF

---

Fra: Bjarthe Ståle Hovland [mailto:bjarthe.hovland@sykkylven.kommune.no]

Sendt: 30. april 2015 14:09

Til: Harald Rogne

Kopi: May-Helen Molvær Grimstad

Emne: 24/28 - Til spørsmål i høve arealbruk i kommunedelplanen for Straumgjerde - sak 14/15 , kontrollutvalet

Dykkar dato : 24.04.2015

Dykkar ref:

Vår dato: 30.04.2015

Vår ref: 2015/641 - 0

Klassering: 141

Bjarthe

Saksbeh:

Telefon:

70 24 (

24/28 - Til spørsmål i høve arealbruk i kommunedelplanen for Straumgjerde - sak 14/15 , kontrollutvalet

Viser til dykkar sak 14/15 med utgangspunkt i brev av 22.02.15 frå Kalvatn; gjeldande eigedom gbr. 24/28.

Utgangspunktet for rulleringa / endringa av kommunedelplanen i 2003 var kommunedelplanen frå 1991. Ny plan, som fortsatt er gjeldande, vart vedteken i 2003.

Planarbeidet var kunnngjort igongsett 22.03.00, og vart dei neste 3 åra drøfta i fleire møter, låg ute til offentlig ettersyn i perioden 11.09 – 25.10.02. Der var ma. arrangert folkemøte på Vårvon 14.10.02. Planen vart til slutt vedteken av kommunestyret 17.03.03.

Handsaminga var etter dåverande regelverk, dvs. plan og bygningslova (pbl-85) sin § 20-5. I dag er lova omarbeidd, slik tilsvarande reglar finst i kap. 11, sjå særleg (pbl-08) §§ 11-12, 11-13, 11-14 og 11-15.

Pbl-85 set krav om medverknad, ref. § 20-5, noko kommunen i handsamingsperioden stetta via kunngjeringa 22.03.00, det offentleg ettersyn 11.09-25.10.02 samt folkemøte 14.10.02.

Som ein ser av § 20-5 er der ikkje klagerett på vedtaket av ein kommune(del)plan. Kravet til varsling er heller ikkje like omfattande som for arbeid med reguleringsplanar og detaljplanar. Dette truleg utifrå at kommunepå såpass vidtfermande at «systemet» då ville «gå i stå».

I visse høve kunne ein grunneigar krevje innløyising, jf. pbl-85 på § 21. Dette om td. eigedomen ikkje lenger kunne nyttast rekningssvarande. Eg kan vanskeleg sjå at slike tilhøve gjer seg gjeldande her. Då er/var ein vel i ein situasjon der kommunedelplanen av 2003 korkje gav innløyisingrett, ekspropriasjonsrett eller rett til klage.

Det er vidare grunn til å merke seg at ein kommunedelplan ikkje har (eller hadde) tilbakeverkande kraft. Eksisterande tiltak kan fortsette. Men utviding av eksisterande tiltak som er i strid med planen vil derimot ikkje vere t

Ser ein tilbake på plankartet frå 1991, er heile gbr. 24/28 grønfarga (her: friområde). I nyaste planen, den frå 2003, er det «berre» eit belte langs vassdraget som er grønt. Sjølve bustadhuset er i 2003-planen markert me vedlagte kartutsnitt. Slik sett kan ein seie at kommunedelplanen frå 2003 i høve gbr. 24/28 representerte ei «forbetring».

Heilt til slutt nemner eg at kommunedelplanen for Straumgjerde no i 2015 står for tur til ny rullering. Då får aktuelle eigarar på ny høve til å påverke arealbruken.

Med helsing  
Bjarte Hovland  
einingsleiar  
Tekniske tenester

---

Postadresse:	Kyrkjevegen 62	Telefon:	70 24 65 00	Bankgiro:	4045.07.01442
Besøksadresse:	Kyrkjevegen 62	Telefaks:	70 24 65 01	Bankgiro skatt:	6345.06.15287
E-postadresse:	<a href="mailto:postmottak@sykkylven.kommune.no">postmottak@sykkylven.kommune.no</a>			Org.nr.:	NO 964980 365 MVA

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Harald Rogne <[harald.rogne@sksiks.no](mailto:harald.rogne@sksiks.no)>  
Dato: 24. april 2015 kl. 13.17.03 CEST

# notat

Til:                   Kontrollutvalget i:                   Sykkylven kommune  
                          v/Kontrollutvalgssekretariat:       SKS IKS  
                          Att.: Daglig leder Harald Rogne

Fra:                   Adv. Kjetil Kvammen MNA, juridisk rådgiver

Dato:                18.05.2015

Re / sak:            **Sak 14/15**                   **Sakstema: Saksbehandling for kommunedelplan**

## 1. Klagemålet på vegne av grunneieren

Dette kommer i brev av 22.02.d.å. og har sin bakgrunn i at eieren av gnr. 24 bnr. 28 m.fl. som ligger ved Fetvatnet i Straumgjerde, protesterer mot at området rundt eiendommen i kommunedelplanen er avsatt til friareal.

Det fremgår at de siden 2004 har vært klar over arealformålet, at de har krevd endringer, men at dette har vært forgyves, til tross for at klagen etter det opplyste har møtt sympati hos politikere.

Klagerne hevder nå at det var en saksbehandlingsfeil at eier ikke ble varslet i eget brev om kommuneplanleggingen som de definerer som «djuptgripande inngrep i en privat eignedom».

Det fremgår av henvendelsen til kontrollutvalget at klagerne likestiller nåværende arealformål med en «heftelse» som de er påtvunget eieren ved en åpenbar feil som de krever «blir retta opp».

## 2. Opplysninger fra forvaltningen, kommunen

Kontrollutvalgssekretariatet har forelagt klagen for Sykkylven kommune.

I svarbrev av 30.04.d.å. redegjør kommunen for prosessen bak det aktuelle kommuneplanvedtaket i 2003 som for øvrig fortsatt er gjeldende i 2015. Det blir vist til at

(dagjeldende) plan- og bygningslov § 85 sine regler om offentlig medvirkning den gangen ble oppfylt. Kommunens oppfatning er at medvirkningskravene i loven ble etterlevd ved at det ble foretatt offentlig kunngjøring av igangsetting av planarbeidet. Videre ble utkast til plan utlagt til offentlig ettersyn og i den samme perioden ble det arrangert folkemøte på forsamlingshuset i Straumgjerde der det ble orientert om planarbeidet.

Kommunen mener at loven ikke stillet krav om individuell varsling av enkelte som kunne bli berørt og viser til at det heller ikke eksisterer klagerett over slike planvedtak.

Ved endringen i 2003 opplyses det at bnr. 28, som er det areal hus og garasje står på, fikk endret arealformål fra friområde, som det hadde vært siden 1991-planen, og til byggeområde.

### 3. Regelverk

Etter plan- og bygningsloven (av 1985) § 16-1 skulle kommunen «drive en aktiv opplysningsvirksomhet overfor planleggingsvirksomheten... Berørte enkeltpersoner og grupper [skulle] gis anledning til å delta aktivt i planprosessen.»

Etter § 20-5 skulle «kommunen sørge for å gjøre de mest aktuelle spørsmål i kommuneplanarbeidet kjent på en måte den finner hensiktsmessig, slik at de kan bli gjenstand for offentlig debatt.» Men direkte orientering av berørte grunneiere hadde etter det jeg kan se kommunen ikke noen plikt til. Det samme hevder kommunen selv.

Da kommuneplanens arealdel (ved plan- og bygningsloven av 1985) ble gjort rettslig bindende, kom det inn i loven (§ 21) en rett for eier av til å kreve innlöst slike areal som i arealdelen ble gjort til friareal. Fra tidspunktet for endelig plan i 2003 ga daværende § 21 grunneieren rett til innen 4 år å kreve innløsning av ubebygd eiendom. Antagelig gjaldt det slik innløsningsrett for bnr. 23 fordi denne kunne sees som en eiendomsenhet. Fristen for slik innløsning utløp i 2007.

Etter § 20-5 tredje siste ledd kunne endringer i kommunedelplanen ikke påklages.

### 4. Mine vurderinger

Kontrollutvalget bør ikke på noen måte påta seg å etterprøve eller vurdere plan- og bygningsmyndighetenes skjønn, i dette tilfelle hvilket arealformål som den aktuelle eiendommen burde ha. Men utvalget kan uttale seg om mulige saksbehandlingsfeil og naturligvis eventuelle brudd på loven, dersom utvalget mener at slike avvik finnes.

Det er opplyst at vedtaket om at arealet mellom dagens fylkesveg 60 og Fetvatnet skulle være friområde ble truffet allerede den 02.09.1991 og satt i verk, jfr. arealplankartet. Å ettergå saksbehandling forut for vedtak eldre enn f.eks. 23 år er naturligvis uaktuelt bl.a. av hensyn til bevismessige og etterfølgende forhold. For 2003-vedtaket, som fortsatt har rettsvirkning i dag, kan dette i prinsippet stille seg litt annerledes.

Dette neste planvedtaket kom altså 17.03.2003. Da ble arealformålet til selve bnr. 28 endret til byggeområde, mens omliggende areal forble friareal som tidligere.

I følge klagerne selv har grunneier siden 2004 vært oppmerksom på at området rundt bnr. 28, som boligen står på, har vært friareal.

Ut fra dette tolker jeg derfor hovedanførselen i klagemålet som kritikk mot kommunen for angivelig mangel på informasjon forut for 2003-vedtaket, slik at grunneieren ikke hadde oppfordring til å ta til gjenmæle mot at areal ved vatnet fortsatt skulle være friområde.

Grunneier har imidlertid etter det kommunen minner om adgang til å påvirke arealformålet ved ny vurdering av kommunedelplanen i 2015. Jeg regner med at brevet av 22.02.d.å. på vegne av grunneieren allerede er registrert hos kommunen som et innspill i denne sammenheng.

Arealplanlegging skjer ut fra samfunnshensyn. Hvilke hensyn som er aktuelle i den enkelte sak, beror på hva som fremkommer innenfor rammen av en gyldig saksforberedelse. Plan- og bygningsloven gir forholdsvis snevert spillerom for den grunneier som for sin eiendom er misfornøyd med kommuneplanleggingen.

## 5. Konklusjon

Jeg kan ikke se at kommunen tidligere i den kommuneplanprosess som berører denne aktuelle grunneieren har misligholdt sine plikter etter plan- og bygningsloven.

Kjetil Kvammen  
advokat

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sykkylven kommune

Dato: 21.05.2015

**SAK 21/15  
UTSETT SAK VEDKOMANDE UTFAKTURERING KULTURHUSET**

Temaet var oppe til behandling i kontrollutvalet i sak 15/15. det blir vist til denne saka som følger vedlagt. I møtet vart saka utsett.

Det blir bedt om status i møtet.

Harald Rogne  
dagleg leiar



**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sykkylven kommune

Dato: 13.04.2015

**SAK 15/15  
VEDKOMANDE UTFAKTURERING KULTURHUSET**

I sak 11/15 behandla kontrollutvalet tenmaet innkreving av rekningar på Kulturhuset. Det vart opplyst i møtet at det til tider blir sein utsending av rekningar for leige av Kulturhuset. Økonomisjef Bergstrøm opplyste at rutinen er månadleg fakturering. Eit viktig tema er at fakturagrunnlaget ikkje blir gamalt før det blir lagt fram for fakturering. Økonomisjef Bergstrøm ville oppdatere kontrollutvalsekretariatet om situasjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak var følgjande:

*Kontrollutvalet avventar rapportering frå økonomisjefen.*

I følgje opplysningar frå kommunen har dette arbeidet kommunen skulle gjere i forhold til problemstillinga teke lengre tid enn påreknna og er ikkje ferdig.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**vedtak:**

Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka.

Harald Rogne  
dagleg leiar